



Bergen Klatreklubb har Ulvanåso som ein valfartsstad og no er dei i innspurten med å laga ein ny klatreførar. Men det står att ein del med omsyn til bilete og Odd Magne Øgreid i klatreklubben etterlyser vakre foto i tillegg til dei der klatrerutene er innstipla.

Han ynskjer landskapsbilete teke nede frå dalen, gjerne der ein også kan sjå fjellveggane. Hvis ein slår opp på heimesida <http://www.bergen-klatreklubb.no/> kan ein lesa meir om behovet for bilete.

Det har vore ein stor jobb med den nye klatreføraren. Mykje av informasjonen som er samla er no digitalisert og dei jobbar med utforminga av innhaldet før føraren er klar til å sendast til trykkeriet.

Dei som har bilete kan anten senda det til klatreklubben eller til oss.

Biletet over er teke frå Leiteshaugane ein vakker vårdag.

Dei som sender inn bilte som blir brukt blir belønna md eit eksemplar av klatreføraren, lovar Øgreid.

(Foto: Ola Matti Mathisen)